




NM-LAG 2013

BULLETIN 4: GULL TIL TOPBRIDGE!



VÅRE SPONSORER

Sunnmørsposten

REDAKTØR | ERLEND SKJETNE



## **Innhold**

Redaktørens hjørne.....	5
Sluttresultat.....	6
Lagfinalen sett fra langt hold.....	9
Same trumf på både bord.....	8
This is not a no-trump deal.....	9
Kongen drep kontrakten .....	10
Matematikk.....	11
Helgemo teken ved nasen.....	12
Glimrande utgang .....	13
Nok eit viktig kvardagsproblem .....	14

10. mai 2013



## **Gull-vinnarar NM lag 2013, TopBridge BK**

*Frå venstre Tolle Stabell, Jon-Egil Furunes, Jon Aabye, Trond Hantveit, Sam Inge Høyland.  
Arve Farstad var ikkje til stades då biletet vart teke*

---

10. mai 2013



### **Sylv til Bodø BK Lyn**

*Frå venstre Idar Lyngen, Håvard Larsen, Espen Larsen, Jørn Åselid, Tarjei Eck Hansen*



### **Bronse til Heimdal BK**

*Frå venstre Allan Livgård, Glenn Grøtheim, Terje Aa, Geir Helgemo, Erlend Skjetne. Espen Erichsen var ikkje til stades då biletet vart teke*

---

## Redaktørens hjørne

Ein fornøyeleg lagfinale er over. Det har vore mykje klaging i denne bulletinen, men det har berre gått på det bridgetekniske – arrangementet finst det ingenting å utsetja på. Folk i staben her i Ålesund er både humoristiske og svært dyktige, og det har skapt god stemning og ryddige og fine forhold for spelarane. Banketten på Hotell Scandic var eit høgdepunkt, med god mat og mange blide andlet å sjå kring borda, sjølv om det jo var einskilde som følte på eit visst vonbrot over sluttresultatet i tevlinga.

Det vart altså TopBridge som til slutt kneip gullet, heilt marginalt framfor Bodø og Heimdal. TopBridge-spelarane må ha vore ukomfortable etter den fyrste halvunden laurdag morgon, mot Heimdal, som med ei klår leiing i kampen kunne sjå ut til å kuppe heile greia. Men TopBridge reduserte pent i andre halvrunde, og då dei berga med eit lite tap mot Bodø i siste kamp, og Heimdal diverre ikkje greidde meir enn 15 mot Bergen, vart det til slutt klart at TopBridge tok gullet. Garantert fortent, det er berre å gratulere, også til Bodø som nok irriterte seg over det knipne nederlaget slik tevlinga utvikla seg, men vonarleg var nøgde ut frå sine eigne forventningar på førehand. Personleg kan eg heller ikkje irritere meg for mykje over gullet eller sylvet som glapp, for med spelinga eg sjølv presterte bør eg vera sjeleglad for å få stå på resultatlista overhovudet, og medalje var det nesten pinleg for meg å motta. Men lagkameratane mine fortente jo ei slik utmerking.



Prisen for beste spel i finalen gjekk til Tor Bakke, og det var hans makker Jim Høyland som skreiv om spelet. Du kan lesa om det mot slutten av denne bulletinen.

Då gjenstår det berre å takke alle for laget, spelarane for underhaldande bridge og arrangørane for ein flott gjennomført finale, og så sjåast vi sikkert snart igjen.

Erlend Skjetne,  
bulletinansvarleg.  
*erlend@gammagrafisk.no*



10. mai 2013

## Sluttresultat



SPAREBANKEN MØRE

Sunnmørsposten

Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## 2013-05-09 - 11 NM Lagfinale 2013

[Kampresultat](#) [PBN](#) [Total Butler](#) [... i lagordning](#) [1:1](#) [1:2](#) [2:1](#) [2:2](#) [3:1](#) [3:2](#) [4:1](#) [4:2](#) [5:1](#) [5:2](#) [6:1](#) [6:2](#) [7:1](#) [7:2](#) [Mer informasjon](#)

8 lag. Antall runder: 7.

Plass	Lag	Poeng	Navn	Lagsammensetning
1	6	88,35	TopBridge BC	Hantveit - Høyland - Farstad - Aabye - Furunes - Stabell
2	1	87,35	Bodø BK Lyn	Larsen - Åselid - Larsen - Hansen - Lyngen
3	8	86,78	Heimdal BK	Livgård - Aa - Skjetne - Erichsen - Helgemo - Grøtheim
4	2	85,45	Ski BK	Thoresen - Ovesen - Halderaker - Ellestad
5	3	68,03	Nærbø BK	Frøyland - Ueland - Nesdal - Herland - Søliland - Ueland
6	4	56,25	BK Grand	Haram - Hesseberg - Hartvigsen - Remvik - Fidjestøl - Storsten
7	7	51,81	Bergen Akademiske BK	Høyland - Eide - Bakke - Høyland - Fyrurn
8	5	38,46	Kristiansand	Kvangraven - Svendsen - Baumann - Stornes - Dahl

Runde: 7

Bord	Lag	Spill	1	2	IMP	Poeng	
1	8 Heimdal BK	7 Bergen Akademiske BK	14	35-16	25-17	60-33	15,08 4,92
2	6 TopBridge BC	1 Bodø BK Lyn	14	26-24	26-33	52-57	8,86 11,14
3	5 Kristiansand	2 Ski BK	14	17-15	17-50	34-65	4,35 15,65
4	3 Nærbø BK	4 BK Grand	14	18-23	17-40	35-63	4,77 15,23

Runde: 6

Bord	Lag	Spill	1	2	IMP	Poeng	
1	6 TopBridge BC	8 Heimdal BK	14	6-47	41-17	47-64	6,52 13,48
2	5 Kristiansand	7 Bergen Akademiske BK	14	36-19	20-40	56-59	9,30 10,70
3	4 BK Grand	1 Bodø BK Lyn	14	4-45	22-15	26-60	3,96 16,04
4	2 Ski BK	3 Nærbø BK	14	17-21	53-36	70-57	12,76 7,24

Runde: 5

Bord	Lag	Spill	Trøpt	1	2	IMP	Poeng	
1	8 Heimdal BK	5 Kristiansand	14		46-24	27-39	73-63	12,18 7,82
2	4 BK Grand	6 TopBridge BC	14		26-51	23-26	49-77	4,77 15,23
3	3 Nærbø BK	7 Bergen Akademiske BK	14		49-20	44-48	93-68	14,78 5,22
4	1 Bodø BK Lyn	2 Ski BK	14	3-0/3-0	10-48	47- 2	60-50/53-57	12,18 9,08

Runde: 4

Bord	Lag	Spill	1	2	IMP	Poeng	
1	4 BK Grand	8 Heimdal BK	14	21- 9	9-25	30-34	9,08 10,92
2	3 Nærbø BK	5 Kristiansand	14	63-17	37-24	100-41	18,61 1,39
3	2 Ski BK	6 TopBridge BC	14	9-45	26-28	35-73	3,47 16,53
4	7 Bergen Akademiske BK	1 Bodø BK Lyn	14	37- 4	29-38	66-42	14,63 5,37

Runde: 3

Bord	Lag	Spill	1	2	IMP	Poeng	
1	8 Heimdal BK	3 Nærbø BK	14	18-37	50- 9	68-46	14,32 5,68
2	2 Ski BK	4 BK Grand	14	49-34	41- 5	90-39	17,92 2,08
3	1 Bodø BK Lyn	5 Kristiansand	14	35-32	63-44	98-76	14,32 5,68
4	6 TopBridge BC	7 Bergen Akademiske BK	14	34-14	51-20	85-34	17,92 2,08

# Bulletin 4: Gull til TopBridge!

10. mai 2013

## Butler

Plass	Poeng	Navn	Lag	1:1	1:2	2:1	2:2	3:1	3:2	4:1	4:2	5:1	5:2	6:1	6:2	7:1	7:2
1	0,90	Jon Egil Furunes - Tolle Stabell	TopBridge BC	0,86	-1,00		2,71	2,36		3,07	-0,57		0,57		0,86	0,29	-0,14
2	0,81	Geir Helgemo - Glenn Grøtheim	Heimdal BK		1,50	-0,64		-0,43	2,36	-0,50		1,00	0,57	2,21	-1,29	3,00	1,14
3	0,65	Håvard Larsen	Bodø BK Lyn	0,93	1,36	1,57			0,93	-0,93		-1,64	2,29	0,79	0,57		
4	0,54	John Helge Herland - Ståle Frøyland	Nærbo BK	0,57	1,00	-0,07		0,43		2,64	-0,21	0,64		0,36	0,14	-0,14	
5	0,47	Jo-Arne Ovesen - Siv Thoresen	Ski BK	0,43	2,00	0,64	0,86	0,93	1,86	-3,07	-1,07	1,64	-1,29	0,07	-0,14	2,50	1,29
6	0,33	Tarjei Eck Hansen	Bodø BK Lyn			0,07	0,71	1,79	0,57	-1,64	1,71	-1,57	1,29	2,29	-1,29	-0,29	0,29
7	0,29	Idar Lyngen	Bodø BK Lyn	0,93	1,36	1,57	1,00	-1,57	0,93	-0,93	-1,43			0,79	0,57	0,07	0,14
8	0,23	Kjell Gaute Fyrus	Bergen Akademiske BK		0,36		-0,93		0,07		1,43		-0,36		1,00	1,43	-1,14
9	0,17	Jørn Åselid	Bodø BK Lyn	-0,07	-1,50	0,07	0,71	1,79	0,57	-1,64	1,71	-1,57	1,29	2,29	-1,29	-0,29	0,29
10	0,10	Arve Farstad - Jon Aabye	TopBridge BC		-0,43	-1,29	-0,71		2,93	-0,21		0,43		-1,21	1,29		
11	0,08	Sven-Olav Høyland	Bergen Akademiske BK	-0,43	0,36	-0,14	-0,93	1,07	0,07	1,64	1,43	-0,64	-0,36	-2,21	1,00	1,43	-1,14
12	0,07	Bjørnar Halderaker - Olav Ellestad	Ski BK	1,71	-0,36	-0,64	-1,57	0,79	1,36	0,21	0,57	1,57	-2,29	-0,36	1,14	-2,36	1,14
13	0,06	Hallgeir Hartvigsen - Lars-Ove Remvik	BK Grand	0,79	0,64	0,14	-1,79		0,21	-1,00			-0,57	-0,79	1,29	0,14	1,57
14	0,03	Nils Kvangraven	Kristiansand	0,14	-0,64	-2,21	0,71	1,57	-0,57	-1,36		-1,00	1,50	2,21	-1,00	2,36	-1,29
15	0,02	Sam Inge Høyland - Trond Hantveit	TopBridge BC	-0,57		2,21		-1,07	-0,07		1,07	1,36	-0,14	-2,21		-0,07	-0,29
16	0,00	David Ueland - Tommy Søiland	Nærbo BK			-1,57	-0,71		-1,14	1,36		1,71	0,36	-0,07		-0,14	0,21
17	-0,04	Magne Eide	Bergen Akademiske BK	-0,43		-0,14	1,79	1,07	-2,93	1,64		-0,64	0,71	-2,21	0,79		
18	-0,09	Jon Terje Storsten - Arnt Ola Fidjestøl	BK Grand		0,86	0,93	-0,93	-1,36	0,50			-0,43	0,14		-0,57	0,14	-0,21
19	-0,14	Espen Erichsen - Erlend Skjetne	Heimdal BK	0,07	-1,36		1,57	-1,21		-0,21	0,29						
	-0,14	Allan Livgård - Terje Aa	Heimdal BK	-0,93		0,64	-0,86		1,14		1,00	0,50	-1,50	1,21	-0,86	-1,43	-0,50
21	-0,22	Odin S. Svendsen	Kristiansand	-0,79	-0,14		0,71	1,57	-0,57	-1,36	0,21	-0,50		-1,14			
22	-0,30	Espen Larsen	Bodø BK Lyn	-0,07	-1,50		1,00	-1,57		-1,43	-1,64	2,29			0,07	0,14	
23	-0,51	Erik Dahl	Kristiansand	-0,79	-0,14	-2,21				-2,64	0,21	-0,50	1,50	-1,14	-1,00	2,36	-1,29
24	-0,53	Are Nesdal - Daniel Ueland	Nærbo BK	-0,86	0,43		-1,00	1,21	-2,36		1,21		-0,71		-1,14		-1,57
25	-0,58	Tor Bakke	Bergen Akademiske BK	-1,71	-2,00	-0,86	1,79	-2,36		0,93	-1,71	-1,71	0,71	1,14	0,79	-3,00	0,50
26	-0,89	Karl Christian Baumann	Kristiansand	0,14		1,29	-2,71	-1,79	-0,93	-2,64	-1,21		-0,57	2,21	-0,79	-2,50	-1,14
27	-0,94	Torstein Hesseberg - Petter Haram	BK Grand	-0,14	0,14			-0,79	-1,86		-0,29	-1,36		-2,29			
28	-1,09	Helge Stornes	Kristiansand		-0,64	1,29	-2,71	-1,79	-0,93		-1,21	-1,00	-0,57		-0,79	-2,50	-1,14
29	-1,25	Jim Høyland	Bergen Akademiske BK	-1,71	-2,00	-0,86		-2,36	-2,93	0,93	-1,71	-1,71		1,14		-3,00	0,50

Bulletin 4: Gull til TopBridge!

---

10. mai 2013





## Lagfinalen sett fra langt hold

av GeO Tislevoll, Auckland, New Zealand

### *Finalekamp*

Vel, det var vel ikke egentlig det selv om TopBridge mot Heimdal i runde 6 var en slags finale. Heimdal måtte vinne denne kampen – og helst klart – for å ha noen som helst muligheter til å kunne vinne gull, mens kampen var den første matchballen for TopBridge. Når det er sagt hadde ingen avskrevet verken Bodø, Ski eller Nærbø idet to kamper gjensto. Og i aller siste kamp skulle jo Bodø møte Topbridge, noe som kanskje kunne bli enda en finale. De tre siste lagene så på dette tidspunkt ut til å være uten medaljesjanser.



Og Bodø ville det vært en stor skam å glemme i det som skulle vise seg å bli en skikkelig thriller. Klar Bodø-seier i runde 7 mot Grand samtidig som Heimdal underveis ledet klart mot TopBridge, gjorde at de tre lagene vekslet om ledelsen gjennom kampens andre halvrunde. På ett tidspunkt var det 0,4 VP som skilte de tre topplagene, men en god sluttspurt gjorde at TopBridge tok tilbake ledelsen og var 3,28 VP foran Bodø for siste kamp, mens Heimdal lå 4,5 VP bak andrelassen.

Heimdal kjørte på og så ut som en klar vinner i kampen mot TopBridge. Et spill fra første halvrunde ble avgjort først og fremst i meldingene. Er dette en åpningshånd i naturlig system? Ingen i sonen.

- ♠Q1094
- ♥A962
- ♦AJ8
- ♣106

Personlig er jeg ikke så keen på åpninger med 11 balanserte HP. Men dette er en hånd hvor det er mye som taler for å kalle det en tolvpoenger. Hvis det finnes en åttekorts majortilpasning er hånden bedre enn mange flate tolvpoengere. Et par tiere og 4-4 i major trekker opp. Dette er vel smak og behag, egentlig. Farsted passet, mens Helgemo åpnet. Hva utfallet blir på slikt kan nok være litt tilfeldig. Men her ble TopBridge spillende 1 hjerter etter pass – 1kløver, 1 hjerter. Heimdal kom raskt i 3 grand med Helgemo (vest) som spillefører.

10. mai 2013

♠J86  
♥KJ7  
♦KQ4  
♣9843

♠Q1094	♠K7
♥A962	♥Q85
♦AJ8	♦963
♣106	♣AKJ75

♠A532  
♥1043  
♦10752  
♣Q2

Det var ikke lett å finne noe godt utspill fra nord (øst hadde meldt kløver), og valget falt på en liten spar som gikk til esset fulgt av ny spar til kongen. Dermed fikk etter hvert spillefører tre sparstikk, og Helgemo spilte liten kløver fra bordet. Syd vant med damen og skiftet til ruter som gikk til liten fra vest og kongen fra nord før han fridde seg med spar knekt. Helgemo tok det siste sparstikket og kastet en ruter, så hjerter ess fulgt av kløverstikkene. Før den siste så det slik ut:

♠-  
♥K  
♦K4  
♣

♠-	♠-
♥9	♥Q
♦AJ	♦9
♣-	♣J

♠-  
♥10  
♦107  
♣-

Nord var skviset i rødfargene, men det var bare for overstikket. Kun ett par til vant 3 grand og de fikk ni stikk (Søiland-Ueland).

Sånn fortsatte stort sett kampen, og det meste gikk i Heimdals favør. Men mot slutten ødela de litt for seg selv, og ledelsen skrumpet slik at TopBridge i skrivende stund fortsatt har kontroll og kan avgjøre dette selv i sin kamp mot Bodø. Heimdal må slå Bergen Akademiske, helst storseier, samtidig som resultatet i kampen TopBridge – Bodø må være gunstig om det skal bli gull til Trøndelag.

10. mai 2013

Det har vært spennende å følge med denne lagfinalen. Mye god bridge, og mange tøffe kamper.

Dermed avslutter jeg her “fra langt hold” før sluttresultatet er klart, mens dere som leser denne bulletinen selvsagt i lesende stund vet hvem som har vunnet gull, sølv og bronse. Idet lyset slokkes på kontoret mitt nå klokken 00.40 Auckland-tid kan jeg bare si gratulerer med seieren til vinnerne, hvem det nå måtte bli, og også gratulere arrangøren Grand BK med et godt gjennomført mesterskap.

GeO



## Same trumf på b e bord

Fyrste halvdel av det viktige oppgjeret mellom TopBridge og Heimdal baud omg ande p  eit urovekkjande spel for Heimdal, som riktig nok var morosamt meir enn noko anna.

♠KJ963

♥K

♦QJ98

♣J96

♠2

♠AQ108

♥9865432

♥AQ7

♦K64

♦752

♣87

♣AQ3

♠754

♥J10

♦A103

♣K10542

Jon Aabye i aust opna 1 kl ver, Terje Aa i s r passa, Arve Farstad sa 1 hjarter og Allan Livg rd melde inn 1 spar. Aabye passa og Aa ville vise ein god l ft i spar. Det gjer ein i v re ulvetider ved   overmelde motpartens farge. Men denne gongen hadde dei meldt to fargar, s  kva for ein skal ein overmelde? Aa pr vde 2 hjarter, men d  gjekk det pass rundt! Han skrapa saman to stikk p  trikortstilpassen sin, 600 ut. Det er sjeldan nokon hyggeleg score (n r det er beiter og ikkje ein vanleg 3 grand heim i sona det dreier seg om), men i dette tilfellet kosta det berre 4 IMP, d  Geir Helgemo og Glenn Gr theim melde og vann 4 hjarter p  det andre bordet ... andre vegen, alts .

Det er nok ingen tvil om at Livg rd m  ta skulda for dette heller pinlege resultatet. Det m  vera meiningslaust   spela 2 hjarter som naturleg her, fr  ein spelar som ikkje kunne melde inn hjarter p  einsteget. 2 kl ver har ein mykje meir bruk for som naturleg, for den sorten kan s r faktisk sitja med utan   f  meldt den naturleg over 1 kl ver i opning. Ein eventuell kl verfarge vil jo ogs  vera velplassert bak kl veropnaren, medan hjarteren her vil sitja framfor han som har meldt hjarter. Dette har overf ringsverdi til ein annan vanleg posisjon, til d mes 1 kl ver – pass – 1 hjarter: Her trur eg det m  vera riktig   ha 2 hjarter som naturleg, fordi det er fint   f  meldt ein god hjarterfarge om ein sit over hjartermeldaren, medan 2 kl ver er mest f rem lstenleg som Michael's cuebid ettersom ein eventuell kl verfarge i posen jo uansett vil vera framfor han som opna i kl ver.

10. mai 2013

## This is not a no-trump deal

Det er relativt sjeldan at ein skal gå for 6 grand i lagkamp viss ein fargeslem er eit aktuelt alternativ, iallfall viss ein ikkje har hundreogti prosent styring i meldingsforlaupet. Riktig nok er det risiko for at motparten kan få stelingar mot fargeslemmar, men oftare kan ein ha småe og kanskje avgjerande ekstrastansar i trumfkontraktar. I fylgjande spel frå BBO-kampen mellom TopBridge og Heimdal var det ingen tvil, 6 hjarter var den overlegent beste kontrakten.

♠AK6  
♥AQ842  
♦KQJ2  
♣8

♠53	♠Q10842
♥K95	♥107
♦864	♦973
♣K9763	♣542

♠J95  
♥J63  
♦A105  
♣AQJ10

TopBridge sin nord fekk, slik eg tolka meldingsforlaupet, vita om 3-3-3-4 fordeling i sør. Då nøkkelkorta var på plass la han kontrakten i 6 grand – måtte ikkje dét vera like greitt mot ein trillrund makker? Nei, han oversåg det poenget at det kan vera akkurat slik som det var, om det esset som manglar er trumfkongen, ein sjanse for å få kasta ein spar på den fjerde ruterer og så stela ein spartapar på den korte trumfhanda. Då hjarterkappen gjekk var det lett spel i 6 hjarter, hjarter til dama, hjarter ess og så i gang med ruterer, medan 6 grand var steindaudt. Einskilde påstod at kontrakten kan vinnast med ei synsk speleføring, der ein strippar vest for frikorta i spar og ruter før ein slepper han inn i hjarter, slik at han må gje kløver opp i kapp, men problemet er at etter to rundar spar, tri rundar ruter og tri rundar hjarter, har ein ikkje lenger inntak i bordet til hjarteren. 980 på det eine bordet og 50 inn på det andre gav Heimdal 14 IMP.



10. mai 2013

*Fylgjande spel med Tor Bakke i hovudrolla vann prisen for beste spel under Lagfinalen 2013. Spelprisen vart gjeven av Grand bridgeklubb, journalistprisen av Norsk Bridgepresse.*

## Kongen drep kontrakten

Av Jim Høyland

I kampen mellom Kristiansand og Bergen Akademiske fekk Tor Bakke anledning til å briljere.

♠J86  
♥KJ7  
♦KQ4  
♣9843

♠Q1092      ♠K7  
♥A962      ♥Q85  
♦AJ8      ♦963  
♣106      ♣AKJ75

♠A532  
♥1043  
♦10752  
♣Q2



*Tor Bakke*

Mot kontrakten 3 grand i vest spelte han ut ruter konge og fekk svakheit hjå makker. Tor skifta spar til esset. Deretter ruter til esset, og Odin Svendsen la korrekt ruter ess. Kløver ti gjekk til dama. No var sluttposisjonen denne:

♠J8  
♥KJ7  
♦-  
♣983

♠Q109      ♠K  
♥A962      ♥Q85  
♦-      ♦  
♣6      ♣AKJ7

♠532  
♥1043  
♦10  
♣2

No spelte Tor hjarter konge i vissheit om at hjarter knekt ville ta siste stikk og dimed beita.

## Matematikk

I andre halvrunde av kampen TopBridge mot Heimdal, der TopBridge sårt trong nokre IMP, kom det ein må kunne kalle eit typisk Helgemo-spel, ein intrikat kontrakt der korta må spelast i rett rekkjefylgje.

♠8752

♥J532

♦Q86

♣J2

♠AJ

♠Q109

♥K10986

♥74

♦J93

♦10542

♣1076

♣K853

♠K643

♥AQ

♦AK7

♣AQ94

Mange vann 4 spar nord – sør her, men dei fekk gjerne eit fordelaktig utspel. I BBO-kampen kom det mest kritiske utspelet, ruter, ved baae bord. TopBridge sin sør stakk med dama og spela kløver til kutt og tok ei kløversteling, for deretter å prøve hjarterkuten. Terje Aa i vest vann og fridde seg med hjarter til esset, og då speleførar no dukka ein spar, stakk Allan Livgård ganske enkelt over knekten og spela den siste kløver sin til makkerens spar ess, og måtte deretter få beita på spar ti.

Helgemo fann ei kvassare speleføring då han etter ruter ut til dama og kløverkuten, ikkje tok av seg kløver ess, men derimot dukka ein spar, vann ruterreturen og dukka nok ein spar. Ingenting kunne beite han lenger. Clouet var å innsjå, tidleg nok, at den beste sjansen her nettopp er å spela på spareset dobbel på ei av sidene. Om ein prøver å få med seg andre variantar vil det lett kunne gå som det gjorde på det andre bordet. Ein kan ikkje basere seg på å stela to kløver i bordet, for sjølv om den som stel over den siste kløveren stel med eit originalstikk i spar, risikerer ein å ikkje få teke hjarterfinessen. Det fekk jo TopBridge sin speleførarar, men då den rauk skulle han gjerne ha nytta hjarter knekt som eit avkast for den siste kløveren sin – men det rakk han altså ikkje å få til.

Helgemo påstod at spelet var rein matematikk, men eg som ikkje har drive med matematikk sidan ungdomsskulen ville nok gått beit.

---

## Helgemo teken ved nasen

Geir Helgemo har fått så mykje og fortent skryt i denne bulletinen, at vi, for å balansere biletet litt, også må sjikanere han. I dette spelet frå siste kamp såg ikkje Jim Høyland så veldig lur ut, men det gjorde ikkje Helgemo heller til slutt.

♠J87  
♥54  
♦AJ872  
♣Q42

♠62           ♠K95  
♥J106       ♥KQ8  
♦K10964     ♦Q3  
♣1095       ♣AKJ86

♠AQ1043  
♥A9732  
♦5  
♣73



*Jim Høyland*

Høyland i sør opna 1 spar, fekk 2 spar frå makkeren og hørde 3 kløver innpå frå Helgemo. No spratt Høyland rett i 4 spar, ei valdsam melding, men ingen i verda kan nekte han ti stikk slik det sit. Men med kløver ti ut og to nye kløverrundar var Høyland forståeleg nok redd for at vest hadde dobbel kløver, så han stal med spar ti. Diverre var dette ein nullvariant dersom målet hans var å vinne kontrakten, for når han naudsynlegvis må stela ein hjarter i bordet, med spar sju, finst det eigentleg ingen måte å unngå spartapar på. Eller? Etter å ha gjennomført nemnde hjarterdukk og hjartersteling, var Høyland inne i bordet og drog spar åtte. Då aust fylgde lågt på den, hadde Høyland fått ein ørliten sjanse igjen. Det var berre å håpe at aust – sjølvaste Helgemo, altså – i farta hadde gløymd å slengje i spar ni frå konge, ni tridje. Han la altså liten under spar åtte. Det gjekk bra, spar åtte stod, og etter ein ny finesse på dama, kunne Høyland endeleg notere heimgang i denne mildt sagt labre utgangen.

Det var den årvakne bakspelar Rogeir Paulsen som var så venleg å innrapportere dette interessante spelet til bulletinen.

## Glimrande utgang

Men apropos tvilsame utgangar: Helgemo og Grøtheim fekk sin revansje i fylgjande spel frå nest siste halvrunde i denne tevlinga. 3 grand på 21 honnørpoeng kombinert, utan anna enn sjukortstilpass i nokon sort, det er kanskje ikkje å tilrå i lagkamp eingong? Men når enden er god er allting godt.

♠J9842  
♥92  
♦KJ1092  
♣4

♠A53	♠Q76
♥87	♥10643
♦A3	♦Q754
♣AQJ762	♣103

♠K10  
♥AKQJ5  
♦86  
♣K985

Grøtheim greidde imponerende nok å overtala Helgemo til å spela med mykje av sitt eige system i denne tevlinga, og det var dét som fekk Helgemo til å opna i 2 ruter, den famøse konvensjonen Grøtheims, på nords hand. Grøtheim hadde ikkje nemneverdig tilpass til det ein vel kunne forvente var spar hjå makker, men i sona ville han ikkje la ein potensiell utgang gå ifrå seg, og spurde med 2 grand. Vest kom imellom med ei dobling, men Helgemo svara likevel på det han vart spurd om: 3 grand viser 5-5 i spar og ruter. Pass rundt, kløver ess og kløver dame ut frå det som nok var ein veldig håpefull vest. Men han vart kanskje litt skuffa då makkeren hadde singel kløver. Helgemo spela omgåande ein ruter, og så var det spotlight på vest. Han skulle nok innsett at viss sør har ruter dama vil det bli vanskeleg å beite dette uansett (kanskje ikkje viss ho er dobbel, riktig nok, og også viss sør har fire småe ruter er det jo case for å leggje liten). At han dukka ruterer gav Grøtheim ein sjanse, han gjekk opp på kongen og spela spar til tiaren. Framleis kan vest beite ved å returnere spar, for sør har berre eitt sparstikk, fem hjarterstikk, eitt ruterstikk og eitt kløverstikk. Men då han no bestemte seg for å godspela kløveren, fekk Grøtheim det etterlengta niande sticket sitt servert. 600 var ein einsam topp sjølv i ein lagfinale breiddfull av action.

## Nok eit viktig kvardagsproblem

Vi skreiv tidlegare her i bulletinen om dette med utspel mot 3 grand meldt uforstyrta av motparten, frå ei hand med litt kort i hist og pist, ingenting spesielt ... Sei at du held denne vifta her og motparten melder 1 grand – 2 kløver Stayman; 2 spar – 3 grand, og utspelet er ditt.

♠Q107  
♥J63  
♦743  
♣K1062

Opnaren har spar og blindemann sannsynlegvis hjarter, så det freistar ikkje å røre majorfargane. Spørsmålet blir då om ein skal velja ein aktiv kløver eller ein passiv ruter. I det førre, liknande spelet vi skreiv om, var passivt utspel riktig frå ei slik 4-3-3-3-hand. Det var det denne gongen òg, i den forstand at det passive utspelet av ein ruter trefte makker med femkorts.

♠3  
♥K1074  
♦A108  
♣QJ754

♠Q107	♠8654
♥J63	♥A95
♦743	♦KJ962
♣K1062	♣3

♠AKJ92  
♥Q82  
♦Q5  
♣A98

Tolle Stabell fekk heim 3 grand med kløver ut frå Espen Larsen, medan Tarjei Eck Hansen gjekk beit då Sam Inge Høyland produserte ruter sju, toppen av ingenting, ut til niaren og dama. Merk at niaren var eit viktig kort å leggje dersom utspelet var frå dobbelton; vest må ha endå ein ruter å spela når han kjem inn. Speleførar kunne vinne kontrakten sin uansett, men det fordrar at han får banka ut aust sin hjarter ess før han går på kløveren, ei vanskeleg speleføring.

Sam Inge Høyland var einaste mann som spela ruter ut mot 3 grand, det kom seks gonger kløver og ein gong spar elles i salen – og Eck Hansen var åleine om å gå beit, utan at nokon eigentleg kan klandre han for det.

Spelet kom på heilt på slutten av tevlinga, og TopBridge ville nok ikkje vinne gull utan ruter ut frå Sam Inge.



10. mai 2013

Vi har fått levert eit interessant oversyn over medaljevinnarar i dei tri største tevlingane i norsk bridge dei siste fem åra, NM par, NM lag og 1. divisjon. Tabellen er irekna også årets utgåve av fyrste divisjon, medan årets NM lag og – naturleg nok – NM par enno ikkje er innkalkulert.

MEDALJEVINNERE NM-PAR, NM-LAG OG 1. DIV 2008-2012/2013					
	1. pl	2. pl	3. pl		
NM Lag	3,15	2,10	1,05	Butlervinner	
NM Par	3,30	2,20	1,10	Åpne celler	
1. Div	3,00	2,00	1,00	Est. butlervinner	
Spiller	Medaljer totalt	Poeng totalt	Medaljer NM	Poeng NM	Medaljer 1.div
Sam Inge Høyland	8	14,70	5,00	9,70	3,00
Trond Hantveit	5	9,70	5,00	9,70	0,00
Terje Aa	5	15,20	2,00	4,20	3,00
Jim Høyland	5	11,45	2,00	6,45	3,00
Tor Bakke	5	11,45	2,00	6,45	3,00
Nils Kåre Kvangraven	4	8,40	3,00	6,40	1,00
Geir Helgemo	4	6,30	3,00	5,30	1,00
Gjermund Rekstad	4	10,20	2,00	4,20	2,00
Magne Eide	4	8,15	1,00	3,15	3,00
Sven Olai Høyland	4	8,15	1,00	3,15	3,00
Jørgen Molberg	3	9,20	2,00	4,20	1,00
Jørn Arild Ringseth	3	8,20	2,00	4,20	1,00
Terje Lie	3	7,50	2,00	5,50	1,00
Jo-Arne Ovesen	3	7,40	2,00	5,40	1,00
Petter Tøndel	3	12,15	1,00	3,15	2,00
Glenn Grøtheim	3	11,00	0,00	0,00	3,00
Ulf Håkon Tundal	3	11,00	0,00	0,00	3,00
Håkon Kippe	2	6,60	2,00	6,60	0,00
Børre Lund	2	6,20	2,00	4,20	0,00
Bjørnar Halderaker	2	5,40	2,00	5,40	0,00
Dag Jørgen Stokkvik	2	4,20	2,00	4,20	0,00
Per Erik Austberg	2	4,20	2,00	4,20	0,00
Frode Cantona Nybo	2	7,15	1,00	3,15	1,00
Per Arne Flått	2	7,15	1,00	3,15	1,00
Ragnar Davidsen	2	7,15	1,00	3,15	1,00
Allan Livgård	2	6,15	1,00	3,15	1,00
Erlend Skjetne	2	5,10	1,00	2,10	1,00
Geir Enge	2	4,15	1,00	3,15	1,00
Jonny Hansen	2	4,10	1,00	2,10	1,00
Siv Thoresen	2	4,10	1,00	2,10	1,00
Roar Voll	2	3,10	1,00	1,10	1,00
Jon Egil Furunes	2	7,00	0,00	0,00	2,00
Kjell Otto Kopstad	2	7,00	0,00	0,00	2,00

10. mai 2013

---

---